
Saksnr: 2020/35989-4
Saksbehandlar: Signe Gudveig Rauboti
Dato: 18.05.2020

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Endringa av vedtektene til Stiftinga Vestnorsk Jazzsenter - revidert endringsforslag til uttale

Den 14.02.20 handsama fylkesutvalet ei sak om endring av vedtektene til Vestnorsk Jazzsenter. Sjå PS 37/2020 her: <https://innsyn.vlfk.no/Innsyn/DmbHandling/Details/996?sourceDatabase=> Fylkesutvalet vedtok at fylkeskommunen ikkje ville setje seg imot den føreslegne endringa av vedtektene, om å gje regionscenen i Rogaland, Stavanger jazzforum, ansvar for å oppnemne éin styremedlem.

Bakgrunnen for endringa var fylkeskommune-samanslåinga - stiftinga la til grunn at Vestland fylkeskommune ikkje kunne få overført ansvar for å velje to styremedlemer, slik dei to tidlegare fylkeskommunane samla gjorde.

Den 11.05.20 fekk fylkeskommunen eit revidert endringsforslag til uttale. Eit av dei andre organa som har ansvar for å peike ut styremedlem til stiftinga, har sett seg imot at Stavanger jazzforum får styreutpeikings-ansvar. Stiftinga tek dette til etterretning og føresler no i staden å redusere talet på styremedlemer frå sju til seks, ved ei endring av vedtektene § 5 («Styret»). Stiftinga ønskjer samstundes å nytte høvet til å oppdatere ordlyden i §§ 5, 3 («Formål») og 7 («Omdanning»). Sistnemnde oppdateringar har til føremål å få vedtektene i samsvar med dei faktiske tilhøva etter fylkessamanslåinga og tidlegare endra regioninndeling i Norsk Jazzforbund. I tillegg er det føreslege nokre språklege endringar.

Stiftingar er sjølvvegande, og fylkeskommunen uttalar seg i slike tilfelle som opprettar av stiftinga og då først og fremst ut frå om endringa vil virke inn på stiftinga si verksemd og føremål. Sidan det reviderte endringsforslaget i vedtektene § 5 ikkje kan seiast å gripe inn i stiftinga si verksemd eller sitt føremål i større grad enn endringa fylkesutvalet allereie har godkjent, og dei andre endringane er formalitetar, er fylkesrådmannen innstilt på å gje stiftinga ei positiv attendemelding på forslaget ved å vise til det som tidlegare er vedteke. Dersom fylkesutvalet er usamd i denne tilnærminga, har utvalet høve til å gje ein ny uttale.